

NYTT GJØDSELREGELVERK – KVA BETYR DET?

Helga Hellesø, Rogaland Landbrukspark

Ny gjødselbrukforskrift er sendt på høyring. Det har vore knytt stor spenning til kva endringar som skulle koma, og kor hardt det vil slå ut for husdyrfylket Rogaland. «Det kunne vore verre» er ein reaksjon, men me skal ikkje ta lett på endringane. Framover vil det vera viktig å driva godt agronomisk, og ta ut høge avlingar, slik at ein kan nytta seg av muligheta for balansegjødsling.

Spreiearealskrava blir skjerpa. I tillegg til redusert krav til mengde fosfor pr. da, kjem det oppdaterte data på utskild mengde fosfor i gjødsla til dei ulike dyreslaga. For mjølkeku er det to ulike nivå ut frå avdrått. Dette vil krevja større areal for mjølkeku pga. auka avdrått. Arealkravet til slaktegris blir mindre mellom anna grunna avlsarbeid og betre fôreffektivitet.

På denne bakgrunnen blir det gitt to alternativ til det å redusera mengder fosfor pr. da:

	Dagens krav	2025	2029	2033
Rogaland	3,5 kg P/da	3,1 kg P/da	3 kg P/da	2,7 kg P/da
Troms og Finnmark	3,5 kg P/da	2,5 kg P/da		
Resten av landet	3,5 kg P/da	2,8 kg P/da	2,5 kg P/da	2,3 kg P/da

Rogaland i eigen fosforklasse

Det blir strengare krav til tillat mengde fosfor som kan spreiaast pr arealeining, samstundes som fosforgrensa blir gjort gjeldande for alle gjødselslag; også biorest og mineralgjødsel.

Rogaland får si eiga fosforgrense med skjerping til 3,1 P kg/da alt frå årsskiftet, med ytterlegare innstramming til 3 kg P/da frå 2029 og 2,7 kg P/da frå 2033. Dette er ei høgare maktgrense samanlikna med resten av landet, unntatt Troms og Finnmark, som får ei innstramming til 2,3 kg P/da innan åtte år.

Grunngjevinga er større avlingsmengder og dermed høgare opptak av fosfor i graset i Rogaland samanlikna med resten av landet. Det er rekna snittavling på 1132 kg tørrstoff/da som gir opptak av 3,4 kg P/da.

To modellar for balansegjødsling

Gitt at ein tar høge avlingar, kan ein tilføra opp til 3,5 P/da. Då har ein balanse mellom tilført og opptak av fosfor i graset. Avlingsregistrering vil vera eit hjelpemiddel for å vita status. Det er meldeplikt, og det skal takast jordprøvar av ein godkjent instans ved start og etter kvart 4. år for å dokumentera at lettløseleg fosfor (P-AI) ikkje aukar i jorda.

Som alternativ kan ein rekna fosforstraum inn og ut av garden: mengde fosfor i alt som kjem inn på garden, og tilsvarande alt som vert selt ut frå garden.

Særleg fosforkrevjande vekstar (potet og grøn-saker) kan gjødslast med høgare mengder fosfor, gitt plantene sitt behov.

Om lag 1100 bruk i Rogaland treng meir spreieareal ved ei fosforgrense på 2,7 kg/da.

Spreietidspunkt og krav til lager

Lovleg tidspunkt for å spreia organisk gjødsel er frå 1.mars – 1. september. Spreiinga skal skje så tidleg at det er mogleg å ta ein betydeleg gjenvekst som vert hausta eller beita.

Det skal vera dekke på lager for gjødsel frå gris og bioest. For enkelte gjødselslag er det framleis lov å lagra på bakken, med nokre justeringar.

Beite

Ordninga med beite som spreieareal, og godkjenning av spreiearealet, held fram med nokre endringar. Det skal vera godkjenning også for å spreia mineralgjødsel på beite. Allereie godkjende areal for spreiiing av husdyrgjødsel treng ikkje ny godkjenning.

Dokumentasjon

Kravet til gjødslingsplan blir innlemma i ny forskift, saman med krav om journalføring av gjødslinga.

Praktisk gjennomføring av nytt regelverk er ikkje meisla ut enno. Statsforvaltaren har nyleg lagt ut skjema der kvar enkelt kan berekna spreiearealet sitt.

Vedlegg 1 til forskrifta med oversikt over mengde fosfor per individ av ulike dyreslag kan Landbruksdirektoratet endra. Det vil kunna gi ei meir fleksibel ordning der oversikten kan endrast ut frå ny kunnskap. Dette har vore eit hinder i gammal forskrift.

Det er kort tid til 1.januar 2025 då forskifta skal gjelda frå. Det er gjennomført mange møte for å få fram faktisk kunnskap og konsekvensar for Rogaland. Mange instansar er engasjerte i innspelsarbeidet. Uansett vil endringane få konsekvensar for fylket. Men desse vil kunna bli mindre ved at fleire driv godt agronomisk, tar ut høge avlingar, og nyttar seg av muligheta for balansegjødsling.



BRØNNBORING – AVSKRIVINGSREGLER VED BORING ETTER VATN

Vi registrerer at det er fleire og fleire som borer etter vatn og får sitt eige vassforsyningsanlegg. I den samanheng syns vi det kan vera greitt å seia litt om avskrivingsreglane for vassforsyningsanlegg.

Dersom gardsdrifta sitt bruk av vatn er det vesentlegaste av det totale vassbehovet, skal heile kostanden aktiverast og avskrivast, bortsett frå stikkleidningen som går til eigars bustad. Er derimot hovudbehovet vatn til eigen bustad, vil berre den delen av anleggskostnadane som gjeld stikkleidningen mm. til driftsbygningen kunna aktiverast for avskrivning.

For dei aller fleste som borer etter vatn er det gardsdrifta som utgjer hovudbehovet for vatn, det kommunale vatnet utgjer ein betydeleg kostnad som ein ynskjer å redusera.

Vassforsyningsanlegg skal aktiverast og avskrivast i saldogruppe H- bygg og anlegg med avskrivingsatts 4%. For anlegg med antatt kortare brukstid enn 20 år kan avskrivingsattsen vera inntil 10%. Når det gjeld pumper og anna teknisk utstyr som trengst for å kunna bruka vatnet, tilhøyrer dette saldo gruppe D – maskiner og inventar med avskrivingsatts 20%.

Aktiveringsgrensa er kr 30 000,- for kvar av gruppene. Det vert ikkje gjort frådrag for moms for den delen som gjeld bustadhuset, og momsfordelinga vil vera etter forventa vassforbruk.

Dersom brønnboringa ikkje var vellukka, ein fann ikkje tilstrekkeleg vatn eller vasskvaliteten var for dårleg, kan den delen av kostandane som tilhøyrer driftsbygningane utgiftsførast.

SKAL DU KJØPE ELLER SELGE MELKEKVOTE


Henviser til nyhetsbrev 1-2024, der vi oppfordrer de som skal kjøpe/ selge melkekvote om å begynne denne prosessen i god tid.

Dersom dere trenger hjelp av oss i ferien, så har vi bemanning til å hjelpe dere i uke 27, 30 og 31.

NB! Uke 28 og 29 ingen bemanning.

GRENSEDRAGNING – NÆRING/PRIVAT

Enkelte anskaffelser/driftsmidler gjelder utelukkende næring (inntektsgivende aktivitet) og enkelte anskaffelser er utelukkende for privat bruk. Mellom disse ytterpunktene har vi noen anskaffelser som blir brukt både i næring og privat. Her ser vi på hvordan disse skal behandles:



Regelverket:

Etter skatteloven er det fradragsrett for alle kostnader som er pådratt for å *erhverve, vedlikeholde, eller sikre* skattepliktig inntekt. For næringsdrivende innebærer dette følgende:

- Utgiftene må ha relevans/tilknytning til næringsvirksomheten
- Ikke-relevante utgifter = private utgifter

Både-og utgifter må vurderes konkret.

Dokumentasjon av fradragsrett

Bilag som gjelder varer og tjenester som *kunne vært* private, må påføres forklaring og eventuelt merkes med "næring" eller lignende, eventuelt med fordeling mellom næring/privat.

Det er ikke enkelt for en regnskapsfører å gjette seg til dette, og ved et bokettersyn vil bilag uten forklaring neppe bli godtatt som utgiftsbilag.

Forskjellige utgifter i grenselandet næring/privat

Nedenfor følger en kort oversikt over typiske utgifter som ligger i grenselandet mellom næring og privat for en personlig næringsdrivende. Se tabell neste side.

Her kan du lese hele artikkelen om grensedragning ved å klikke på linken:

<https://jaerengrl.no/fagartikler/grensedragning-n%c3%a6ring-privat>

NY SKATTEMELDING FOR DA OG ANS – UTSATT FRIST

Skattemeldingen 2023 for DA og ANS skal leveres på nytt format. Dataleverandørene er ikke klar med programvaren for det nye formatet. Dette har ført til at skatteetaten har utsatt fristen for levering av skattemeldingen for disse foretakene til 30.06. Dette gjelder også for skattemeldingene for deltakerne.

FRIST 2 MND. MVA

Termin	Frist levering bilag til oss
2	15. mai
3	05. august
4	15. september



Type utgift	Næringsmessig fradrag	Privat del
Arbeidstøy og arbeidssko	Fradragsrett for vernebekledning og klær som er lite egnet til privat bruk. Også fradragsrett for arbeidstøy til ansatte	Alminnelige klær og skotøy som er egnet til privat bruk.
ATV	ATV er som er egnet til bruk i næring. Eks. steinplukking, kjøre gress til dyr, gjerding, eller sprøyting. Faktisk bruk er avgjørende, hovedsakelighetsprinsippet.	ATV er som ikke er egnet til bruk i arbeid. Eks. ATV til bruk i motorsport. Andre ATV er som ikke brukes i næring.
Førerkort til henger	Arbeidstaker som trenger kompetansen i drifta.	Ikke fradragsrett for bonden da dette blir sett på som grunnutdanning.
Førerkort til traktor	Hvis sønn/datter tar traktorlappen kan det fradragsføres hvis det hovedsakelig tjener næringen. Sønn/datter må bruke kompetansen regelmessig og være lønnet i drifta.	Trafikalt grunnkurs → Tjener hovedsakelig føreren privat da dette brukes til flere typer førerkort.
Gjerde	Gjerde i tilknytning til næring	Fint gjerde rundt våningshuset
Hundehold	Hundeoppdrett kan være næring, da er det egne regler. Foruten om dette er utgifter til gjeterhund fradragsberettiget.	En vil ikke få godkjent kostnader til vakthund eller vanlig hundehold innenfor ordinært landbruk.
Kattemat	Utgifter til nødvendig tilleggsfôr og veterinær kan fradragsføres hvis utekatten hovedsakelig holdes for å holde rent for rotter og mus. Behandles på samme måte som faktura fra skadedyrfirma hvis katten bidrar til skadedyrbekjemping.	Det er ikke fradragsrett for utgifter til fôr til innekatt .
Matutgifter	Fradrag ved: - Yrkesreiser med overnatting. - Diett ved kurs og fagturer. - Overtidsmat ved 10 timers fravær fra hjemmet (maks kr 200 pr. døgn).	Matutgifter utenom unntakene.
Studieturer og kurs	Rene fagturer og kurs med relevans til eksisterende næringsvirksomhet = 100% fradrag. Tur- eller kursprogram = dokumentasjon.	Ved stort innslag av privat karakter, eller liten relevans til eksisterende næringsvirksomhet.